




**Giske kommune**  
Historisk og framtidsretta



Illustrasjon: Trine Røssevold

## **STRATEGISK NÆRINGSPLAN 2016-25**

Plan for kommunen sin medverknad til framtidig utvikling av næringsliv og arbeidsplassar i Giske kommune.

Vedtatt i Giske kommunestyre 12.05.16, k.sak 030/16  
Neste revisjon: 2020

## INNHALD

1.0 BAKGRUNN.....	2
1.1 Mandat .....	2
1.2 Kommuneplan - samfunnsdel.....	3
1.3 Kva er ein strategisk næringsplan? .....	3
1.4 Kommunale «verktøy» for næringslivsutvikling .....	3
2.0 STATUS – NÆRINGSLIVET I GISKE .....	4
2.1 Bakgrunn.....	4
2.2 Sysselsetting og pendling.....	5
2.3 Omsetning.....	5
2.4 Næringsstruktur.....	6
2.5 Utviklingstrekk .....	6
2.5.1 Attraktivitet .....	6
2.5.2 Nyetableringar.....	6
2.5.3 Nye bransjar .....	7
2.5.4 Landbruket .....	7
2.6 Næringslivet sine behov .....	7
2.7 Utdfordringar .....	8
3.0 MÅL OG STRATEGIAR .....	9
3.1 Retningslinjer for arealutvikling.....	10
3.2 Satsingsområde .....	10
3.2.1 FISKERIKOMMUNEN GISKE.....	10
3.2.2 INFRASTRUKTUR/TRANSPORT .....	11
3.2.3 MATKOMMUNEN GISKE .....	12
3.2.4 KREATIVE NÆRINGAR, IDENTITET OG OMDØMME.....	13
VEDLEGG - KART OVER NÆRINGSAREAL I GISKE PR. DES. 2015.....	15

## 1.0 BAKGRUNN

### 1.1 MANDAT

I møte 11.05.15 gjorde Giske planutval følgjande vedtak i F.sak 052/15:

**«Mandat:**

*Strategisk Næringsplan for Giske kommune skal reviderast for perioden 2015-25.*

*Planen skal ta utgangspunkt i vedteken samfunnsplan for Giske 2014-26 («Samspelkommunen Giske») og Planprogram for kommuneplanen sin arealdel og bygge på gjeldande målsetting om næringsutvikling i kommunen. Planen skal omfatte strategiar og 4-årig tiltaksplan for kommunen sitt arbeid med næringsutvikling.*

*Planen skal leggjast ut på høyring før politisk godkjenning....»*

Organisering og arbeidsprosess vart også klargjort.

#### **TILLEGGSMANDAT FOR NÆRINGSGRUPPA – JFR. F.SAK 052/15 OM KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL**

*Arbeidsgruppa skal, med utgangspunkt i vedtekne rammer og tema i planprogrammet sin arealdel, utarbeide strategiar for kommunen sitt samarbeid med næringslivet i Giske. Dette gjeld spesielt følgjande tema frå planprogrammet:*

- **Pkt. 6.2 - Næring/ samferdsel:** *Kommunen ønskjer å leggje til rette for utvikling av næringslivet i samspel med kommunen. Det er også viktig med framtidsetta løysingar for samferdsel i og ut av kommunen. Dette vil gjelde alt frå gang og sykkelvegar til vidare tilrettelegging for utvikling av lufthamna på Vigra, fiskerihamner og hamna på Gjøvsund.*
- **Om samferdsel:** *I samband med arealdelen må desse spørsmåla drøftast:*
  - *Det må sikrast tilstrekkeleg areal til eventuelle nye og framtidige vegløyser*
  - *Det må leggjast til rette for utviding av gang- og sykkelvegnett, med prioritet trygg skuleveg*
  - *Utvikle Gjøvsund med djupvasskai og andre kaier for godstransport og fiskeri, samt fastsetje mudringsgrense og djupne.*
  - *Støy frå vegar skal kartleggast (Statens vegvesen)*
- **Pkt. 9.3 - tema for kartlegging:**
  - *Behov for areal til offentleg føremål*
  - *Behov for framtidig infrastruktur*
  - *Behov for framtidig masseuttak*
  - *Vurdering arealbruk i sjøområda/ strandsone*

*Arbeidsgruppa skal også lage utkast til retningslinjer for tekst til plankartet.*

***Merk: Andre tema kan takast inn, om arbeidsgruppa ser behov for dette.***

## 1.2 KOMMUNEPLAN - SAMFUNNSDEL

I revidert **kommuneplan for Giske** framgår visjonen «SAMSPELSKOMMUNEN GISKE» med tema som er retningsgjevande også for næringsplanen:

- **4 satsingsområde:**

- vere ein god plass å bu - der alle vil bu
- ha gode levekår
- vere ein god næringskommune
- ha eit rikt kulturliv

- **Gjennomgåande perspektiv:**

- fremje god folkehelse
- legge til rette for universell utforming og tilgjenge for alle
- legge til rette for god oppvekst for barn og unge
- ha fokus på energisparing og reinare miljø
- ha låg risiko og sårbarheit (ROS)

## 1.3 KVA ER EIN STRATEGISK NÆRINGSPLAN?

Strategisk næringsplan for Giske trekk opp dei langsiktige retningslinjene for kommunen sitt arbeid med næringsutviklinga. Den gir eit val av veg mellom to stader - frå der ein er, til dit ein skal. Val av strategi inneber difor at dei det gjeld kjenner til, og er samde om, desse to referansepunkta og gjev svar på KVA ein skal gjere, medan tiltaka gjeld KORLEIS ein skal gjere det og må rullerast.

## 1.4 KOMMUNALE «VERKTY» FOR NÆRINGSLIVSUTVIKLING

Giske kommune har forskjellige «verktøy» for å bidra til utvikling av det lokale næringslivet:

- 1) **Næringsfond:** Midlar til hjelp for bedrifter, nyetablerarar eller kommunale næringsstiltak. Har forskjellige regelverk med krav til min. 50% eigenkapital og -innsats. Større tiltak skal sendast til Innovasjon Norge
- 2) **Saksbehandling:** Næringskontoret, teknisk sektor og andre i forvaltninga er ofte i kontakt med bedrifter som søker råd eller må ha ei sak til behandling administrativt eller gjennom vedtak i politiske komitear. Viktige moment her er forutsigbarheit,

likebehandling, effektiv og løysingsorientert saksbehandling innafør dei rammene som gjeld.

- 3) **Reguleringsplanar:** Bedrifter/personar som skal bygge eller utvide må følgje reguleringsplan for området dei vil bygge på. Manglande reguleringsplan kan medverke til langvarig saksarbeid før dette vert brakt i orden. Det er difor viktig at næringsareal i kommunen er lagt til rette før sal, for at bedriftene ikkje skal bruke tid med dette.
- 4) **Tomteareal/ kontorbygg:** Kommunen har lite sjølveigd areal regulert til næringsareal, men det er regulert inn privat eller kommunalt næringsareal på alle øyane. Kommunen eig også eit næringsbygg på Sætra (tidl. Giske elverk) med rimelege kontor for utleige til etablerarar/ småbedrifter. Sjå også vedlagt kartoversikt.
- 5) **Samarbeid med næringslivet:** Nær kontakt med bedrifter og organisasjonar og samarbeidsprosjekt løyser utfordringar tidleg og er grobotn for nye idear. Næringskontoret deltek fast i ei rekkje arbeidsgrupper, komitear og held kurs og møte.
- 6) **Faste møte med næringsutvalet:** Det har ei årrekkje vore høve for Giske Næringslag å be om to temamøte årleg med næringsutvalet. Dette arbeidet bør halde fram.
- 7) **Rekrutteringsarbeid:** Giske kommune har gjennom skuleverket høve til å knytte kontakt med det lokale næringslivet både i yrkesopplæringsamanhang, samfunnskunnskap og som del av praktisk entreprenørskapslære. Det er no under utvikling prosjekt Ungt Entreprenørskap som del av ei nasjonal satsing på forskjellige barne- og ungdomstrinn . I Giske og fylket elles inngår her som sentrale emner «Vårt lokalsamfunn», bedriftsbesøk, «Sikksakk Europa» og «Gründercamp».

## 2.0 STATUS – NÆRINGSLIVET I GISKE

### 2.1 BAKGRUNN

FAKTA:

- 4 øyar: Giske, Godøya, Vigra, Valderøya
- 7.924 innbyggjarar (3.kv. 2015)
- Fastlandssamband/ undersjøiske tunnellar: 8.000 reisande/ÅDT
- Flyplass «Ålesund Lufthamn Vigra» (AES): 1 mill. reisande/ år
- 41 km<sup>2</sup> landareal
- 4.059 personar i Giske har arbeid ("sysselsette") (2013)
- 2.586 arbeidsplassar i Giske
- 1.675 pendlar frå Giske til andre kommunar
- 344 pendlar til Giske
- 1047 firma med 3,48 milliard kr i omsetnad

Generell tendens både i Noreg og i Giske er at primærnæringane (jord-/ skogbruk, fiske og fangst) vert bygt ned, industrien (industri, bygg og anlegg) er generelt i stillstand medan tenesteytande næringsgreiner veks.

I 1950-åra var om lag 60 % av befolkninga i Giske sysselsette innan primærnæringane (sjøbasert fiske og landbruk). I 2013 var berre 12 % sysselsette i primærnæringane, mot 4% i Møre og Romsdal.

Giske har seinare åra vore ei stadig meir attraktiv bustadkommune: Jamvel om andelen busette i Giske med arbeid i kommunen er senka frå 75% i 2000 til 61% i 2013, har antal arbeidsplassar i Giske også auka. Aukande utpendling viser likevel at nærleiken til arbeidsmarknaden i Ålesund betyr mykje for Giske si utvikling som bustadkommune i ein felles arbeidsmarknadsregion.

## 2.2 SYSSELSETTING OG PENDLING

Arbeidsløysa er no om lag 2%. Dei seinare åra har det vore nær full sysselsetting og til dels vanskeleg å skaffe arbeidskraft til delar av næringslivet i kommunen. Det er flest sysselsette innan offentleg tenesteyting som undervisning og helse-/ sosialtenester. Deretter følgjer transport/ lager, industri og primærnæringane. Både primærnæringane og den offentlege tenesteytinga er næringar får færre tilsette. Skal ein oppretthalde og auke tal arbeidsplassar lokalt i Giske må ein derfor legge til rette for vekst i andre bransjar og nye næringar.

37% av arbeidsstyrken i Giske pendlar til Ålesund, medan 50% finn arbeid i Giske. Dei fleste arbeidar i fiskeindustrien eller på fiskebåtar/ i reiarlag, på flyplassen, i off. forvaltning eller i mekanisk industri –alle er viktige arbeidsplassar i kommunen. 85% av pendlinga går mellom Giske og Ålesund. Tilflyttinga aukar: Siste 10 åra har tal på sysselsette busett i Giske auka med 1000 personar – 200 av desse fann arbeid i Giske, 800 fann arbeid utanom kommunen. Arbeidsmarknaden i Ålesund er følgjeleg svært viktig for Giske.

## 2.3 OMSETNING

Næringslivet i Giske har stort sett vore mindre lønsamt enn i nabokommunane. Etter at lønsemda i Giske har vore betre dei seinare åra, er forskjellen ikkje så stor som før. Dette heng antakeleg saman med næringsstrukturen i kommunen: Det er mange føretak innan fiske, fiskeoppdrett og næringsmiddelindustrien som er svært konjunktur-utsett.

Kommunar med ein stor del tenesteytande bedrifter har både betre lønsemd og meir stabil utvikling, og det bør difor vere eit mål å få fram fleire slike bedrifter.

Giske har handelslekkasje tilliks med dei andre kommunane rundt Ålesund: Om lag 50% (ca. 150 mill. kr) av omsetninga frå dei som bur i Giske vert brukt i butikkar utanfor kommunen, særleg i Ålesund - ofte pga. manglande tilbod i Giske. Dei fleste handlar likevel sine daglegvarer i Giske, medan jern-/ farge-/ byggvare-handelen er ei "eksportnæring" som trekk mange TIL kommunen. Ei utfordring for detaljhandelen er å få fram eit breiare spekter av handelsbedrifter i kommunen.

## 2.4 NÆRINGSSTRUKTUR

Av dei 309 aksjeselskapa i Giske som leverte rekneskapstal til Brønnøysundregisteret i 2014 hadde 12 bedrifter over 50 mill. kr i omsetnad. 97 selskap hadde negativt eller null-resultat. Dette viser at kommunen er svært avhengig av få, store bedrifter som arbeidsplass.

Det er stadig strukturendringar innanfor bl.a. fiskeri og transport med større og færre einingar: Dette kan og få følgje for sysselsettinga i Giske, der hovudkontor også vert lagt til andre kommunar eller landsdelar. Endringane påverkar satsing på arbeidskraft og stillar krav til etablering av nye arbeidsplassar, kompetanseheving og omskoleringstiltak for lokale arbeidstakarar.

## 2.5 UTVIKLINGSTREKK

### 2.5.1 ATTRAKTIVITET

Ei undersøking gjort av Telemarksforskning (2007) viste at Giske er stadig meir attraktiv som bukommune og for etablering, men mindre attraktiv som besøkskommune pga. få handels- og reiselivsbedrifter. Attraktivitets-barometeret set Giske på 6. plass i Møre og Romsdal.

### 2.5.2 NYETABLERINGAR

Nyetableringar er eit fokusområde for nasjonen Noreg, og det vert satsa stort på å skape betre grobottn for nyetablerarar, gründerar og produktutvikling.

I Møre og Romsdal er "hopp-id.no" eit prosjekt for ei sterkare 1. linjeteneste for etablerarar gjennom «hopp.id-kontor» i kvar kommune. Giske næringskontor vart sertifisert som hopp.id-kontor hausten 2007.

Talet på nye bedrifter og nyetableringar i Giske har vore høg i Giske dei siste 5 åra med 246 nyetablerte føretak.

### 2.5.3 NYE BRANSJAR

**Kreative næringer** er definert som «trykte medier, kulturarv, annonse og reklame, arkitektur, musikk, kunstnarleg verksemd, film, foto og spel, design og tv/radio»: Dette er vekstnæringer som det vert satsa på også av fylkeskommunen, bl.a. gjennom nettverksprosjekt og kompetansehevingsprogram og lokaliseringstiltak. Det er ofte behov for lokale til kreative næringer.

Arrangement-selskapet Momentum AS i Giske har blitt eit av dei større festivalselskapa i landet med 50.000 besøkande på musikkfestivalane i Ålesund og Giske. Gründerane har også hand om tilstellingar i regionen og nasjonalt. Dei har bygt lydstudio og etablert dataselskap, billettbyrå, musikkscene i Ålesund og har eit nytt arbeidsfellesskap i store lokale i Øygardshamna på Giske med ca. 35 arbeidsplassar.

Giske kommune har eget næringsbygg for kontorutleige. Kommunen har også bygg med rom som står tomme eller kan få andre funksjonar: Slike kan nyttast som mulege etableringsstader for kreative næringer, t.d. atelier og utstillingslokale, arbeidsrom mm..

Private føretak som tilbyr tenester innan helse-/omsorgssektoren er i stadig vekst – eit område som tradisjonelt sett har vore dekt av kommunane. Nokre tiltak vert dekt med offentleg/ kommunale midlar medan andre tenester vert betalt av innbyggjarane sjølv.

### 2.5.4 LANDBRUKET

Giske kommune har 35 gardar i aktiv drift med i alt 40 årsverk og 30 mill. i omsetnad. Det aller meste frå mjølk og kjøttproduksjon. Innmarksareala på dei nedlagte gardane vert leigejord til dei gardane som framleis er i drift. Det er driveplikt på areala sjølv om garden vert lagt ned.

For landbruket i Giske er det viktig med ein forutsigbar arealforvaltning der utbygging vert styrt etter arealdelen i kommuneplanen.

Det er viktig for Giske å halde oppe drifta ved gardane som produksjonseiningar og landskapsforvalterar, og at ein hegnar om dei viktigaste og mest egna områda innan LNF-området til slike føremål. Det er då viktig at landbruket prioriterer landbruksareal i kommunen som ikkje bør regulerast om til bustadføremål.

## 2.6 NÆRINGSLIVET SINE BEHOV

Ei undersøking (Herse Consulting 2008) om kor nøgde 594 bedrifter i Møre og Romsdal var med si kommune, viste at dei fleste bedriftene la vekt på -

- vegsamband til/ frå si kommune,
- lokal tilgang på arbeidskraft
- nettverk mellom næringsaktørane



Dette er dei viktigaste lokaliseringsfaktorane. Samstundes er dette også dei faktorane dei er minst nøgde med i Møre og Romsdal. Eit fleirtal av bedriftene i undersøkinga sa at innsatsen frå kommunen dei er lokaliserte i, er avgjerande for at dei skal lukkast – men meiner også at kommunane har eit forbettringspotensiale med omsyn til å forstå næringslivet sine behov. Saksbehandlingstid, serviceinnstilling og tilgjengelegheit er nøkkelord .

Ei forenkla **SWOT-analyse frå startmøtet** ved revisjonen av Strategisk næringsplan i Giske viste at dei fleste deltakarane la mest vekt på desse emna:

Sterke sider:

- kommunikasjonar/ tunnelar
- plassering
- miljø for kreative næringer
- nær til Ålesund, verda og tilbod

Svake sider:

- manglande næringspark
- løpande dialog manglar
- gode arealplanar
- løfte fram næringslivet
- utydeleg næringsprofil

Mulegheiter:

- Etablere arealplanar
- Utvikle næringsområda v/Gjøvsund, Sætra, flyplassen
- Lag plan for utvikling av logistikk (pga. flyplassen)
- Satse på fiskeri- og sjømatnæringa

## 2.7 UTFORDRINGAR

Dei største utfordringane og fokusområda for Giske kommune sitt arbeid for næringslivet er følgjande:

- Vi har ein del av **næringslivet som treng plass** – hamner, industriområder, store areal og har store transportutfordringar
- Vi har ein annan del som **treng kundar**. Varehandel, frisør, kafé o.l.
- Vi må **planlegge for mangfaldet**
- **Arealutvikling og regulering for næringsføremål**: Fleire store og små område i kommunen er sett av til næringsføremål, men få er tilrettelagte for middelar utbygging, eller plasserte slik at dei ikkje kjem i konflikt med nærliggande bustadområder.

- **Saksbehandling og stønad til næringslivet:** Det er viktig at kommunen bidrar med rask og effektiv saksbehandling av næringslivssaker. Bruk av næringsfond bidrar til kompetanseheving og utvikling av eksisterande næringsliv.
- **Samarbeid kommune - næringsliv om lokal næringsutvikling:** Det er viktig med nært samarbeid mellom offentleg og privat sektor om å finne felles løysingar og å halde nærkontakt i store og små saker
- **Små/ nye næringar:** Kommunen bør framleis satse på å hjelpe nyetablerarar og gründerar i startfasen med bruk av næringsfond.
- **Identitet og omdømme:** Kommunen er avhengig av godt omdømme blant innbyggjarar og næringsliv og bør difor støtte opp om å skape ein heilskapleg identitet for lokalsamfunnet.

### 3.0 MÅL OG STRATEGIAR

Fiskerinæring, hamnene og flyplassen er sentrale vekstmiljø for næringsliv og levesett no og i framtida. Giske er porten til Sunnmøre og skal vere ein god stad å bu. Kommunen skal ha nære og attraktive arbeidsplassar som legg vekt på miljøretta løysingar for befolkning og næringsliv.

Kommuneplanen sin samfunnsdel for Giske 2014 - 2026 gjev måla for kommunen si medverknad for næringsutvikling:

*«Vi vil at:*

*Giske kommune skal vere ein aktiv medspelar overfor eksisterande næringsliv og legge til rette for etablering av nye bedrifter og næringar .*

*Då skal vi:*

- *gje føreseielege rammevilkår til landbruk, fiskeri og anna næringsliv gjennom planar og samarbeid*
- *ha ein arena for samspel mellom kommune og bedrifter med faste møter og møtestadar*
- *legge til rette for og marknadsføre kommunen sine naturgitte føresetnadar for kultur-og naturbasert næring*
- *delta i regionalt samarbeid om utvikling av kreative næringar*
- *bidra til næringsutvikling i tilknytning til flyplassen «*
- *legge til rette for attraktivt nok areal for næring innen reiseliv*

### 3.1 RETNINGSLINJER FOR AREALUTVIKLING

Det er viktig at Giske kommune ligg i forkant av dei behov for areal som næringslivet har, og at det vert lagt retningslinjer for reguleringsarbeid mv. som er stabile for næringslivet.

Giske kommune må framleis legge slike føringar på framtidig arealutvikling:

- **Reguleringsarbeid** - næringsareal må i regelen vere ferdig regulerte og opparbeidde før dei vert lagt ut for sal og tildeling. Kommunen bør ta aktivt del i slikt sjølv om det gjeld privat grunn, og bidra med kompetanse.
- **”Retningslinjer for Porten til Sunnmøre”** - må inkorporerast i framtidige reguleringsføresegner og gjelde for all utbygging i Giske, inkl. framtidig bustadbygging.
- **Områdebasert næringsliv** - områda må vere klart definerte **og avgrensa i regulerings-samanheng for** å få optimal bruk av areal (sjøbasert ved sjø/ kai, trafikkbasert v/knutepunkt mv.)

### 3.2 SATSINGSOMRÅDE

#### 3.2.1 FISKERIKOMMUNEN GISKE

Giske er ein av landets største fiskerikommunar med ca 160 bedrifter, 700 tilsette og 2, 4 mia omsetning. Kommunen har gjennomført store investeringar i infrastruktur.

Av 11 fiskerihamner i Giske vert Geilevika, Gjørund og Roald sett som hamneområde med potensial til å møte den moderne kyst- og havfiskeflåten sine krav til mottaksapparat og logistikkfunksjonar. Dette føreset at både offentlege og kommersielle aktørar ser verdien av vidare utvikling av desse områda.

#### Målsetting

Giske skal:

- oppretthalde sin posisjon som ein av dei største fiskerikommunane i Noreg
- legge til rette for utvikling av eksisterande og nye næringar som støttar og forsterkar posisjonen
- utviklast som logistikknutepunkt for sjøtransport (infrastruktur)

#### Utfordringar

- Mangel på tidsriktige hamnefacilitetar for fiskeriflåten
- Tilgang på landbaserte servicetilbod til marine og maritime verksemder
- Lav tilgang på landbasert industri innan fiskeforedling
- lav tilgang på næringsmiddelindustri for biprodukt frå fiskeria.

- Liten grad av samhandling mellom aktørane innan næringa

### Strategi

- Etablere og bygge merkevaren «Fiskerikommunen Giske»
- Samordne utviklinga av dei tre hamneområda Gjørundet, Roald og Geilevika.
- Støtte opp om kompetanseheving og rekruttering av framtidige arbeidstakarar innan fiskeflåten

### Tiltak

- Innan utgangen av 2016 skal kommunen ha etablert samarbeid med statlege og private aktørar for å utvikle Gjørundet til ei nasjonal fiskeri- og industrihamn. I tilknytning til hamneområdet vert det regulert areal for etablering av landbasert industri innan fiskeforedling, næringsmiddelindustri basert på biprodukt og teknisk serviceindustri retta mot marin og maritim verksemd.
- I løpet av våren 2017 etablere eit samarbeid med grunneigarar og andre interessentar (m.a. Kystverket og lostenesta) i Geilevika for å lage ein plan for framtidig bruk av hamneområdet.
- I løpet av våren 2016 etablere eit samarbeid med grunneigarar og andre interessentar (m.a. Kystverket) for å lage ein plan for framtidig utvikling og bruk av Roald hamn.
- I samarbeid med fiskerinæringa vil Giske kommune i løpet av 2016 invitere til «Giskekonferansen» for å starte arbeidet med å bygge merkevaren «Fiskerikommunen Giske», og etablere marint og maritimt cluster.

---

### 3.2.2 INFRASTRUKTUR/TRANSPORT

Giske har nordvestlandet sin største flyplass og fastlandssamband gjennom undersjøiske tunnellar. Transport til/ frå flyplassen for 1 mill. reisande er primært med bil eller buss. Kapasiteten på hovudvegssystemet er sprengt.

Det etablerte snøggbåtsambandet mellom Valderøya – Hareid og Valderøya - Nordøyane vert nytta både til arbeidspendling og flyreisande. Sambanda har dårleg frekvens og treng betre tilpassing til arbeidstider og flyavgangar.

Transport av fisk og andre varar inn og ut av kommunen skjer også med bil. Alternativ til dette vil vere sjøverts transport for fisk som bidrar til meir effektiv bruk av investeringar til hamneføremål.

Det kollektive rutetilbodet internt i kommunen er bygt opp om pendlarrutene til/frå Ålesund, og gjer det vanskeleg å reise kollektivt på tvers av kommunen i resten av døgnet.

### Målsetting

- Etablere Giske kommune som nasjonalt, sjøbasert logistikk-knutepunkt som ivaretek gjeldende og framtidige klima- og miljømål.
- Bidra til å styrke Ålesund Lufthavn Vigra sin posisjon som flyplass på stamrutenettet.
- Etablere eit brukarvennleg kollektivrutenett internt i kommunen.
- Tilpassing av snøggbåtruter til flyrutenett og arbeidspendlarbehov.

#### Utfordringar

- Manglar framtidsretta og hensiktsmessige hamnefacilitetar som ivaretek næringa sitt behov for service som fryselager, støttefunksjonar, bunkring, tilkomst osv..
- Manglar tilbod på land for lager og omlasting av fisk og fiskeprodukt
- Hovudvegnettet har for liten kapasitet.
- Manglande kollektivrutenett innan kommunen.
- Lav snøggbåtfrekvens i høve til brukarbehov.

#### Strategi

- Bygge ut Gjøundet som framtidig nasjonalt logistikk-knutepunkt med statleg medverknad i finansiering for fiskeflåten og industrien.
- Bidra til å etablere eit bunkersanlegg for LNG.
- Bidra til å etablere eit cluster av tenestenæringar knytt til hamneområdet
- Sikre fylkeskommunal, politisk medverknad for utvikling av tilfredsstillande kollektivtransport.
- Sikre politisk støtte for opprusting og utbygging av hovudferdselsårene på øyane i kommunen.

#### Tiltak

- Ved utgangen av 2016 er det skapt eit grunnlag for statleg/ kommunalt samarbeid om utbygging av knutepunkthamn på Gjøundet.
- Innan mars 2017 søkje statleg finansiering for utvikling av hamneområdet på Gjøundet gjennom NTP-tilskot.
- Våren 2016 starte arbeidet med å søkje etter potensielle firma som vil vere med å etablere seg i hamneområdet på Gjøundet.
- I samarbeid med Avinor i løpet av våren 2016 invitere samferdsleutvalet i Møre og Romsdal fylke til dialogmøte om utfordringar knytt til vegnett og transport i Giske.

---

### 3.2.3 MATKOMMUNEN GISKE

Giske kommune har nokre av dei beste landbruksareala i fylket og verdien av produksjonen frå fisk, oppdrett og landbruk tilsvarar over 2,5 mia kr.

Landbruket dekkjer med sine 10.000 dekar jordbruksareal 30% av kommunen sitt landareal og utgjer om lag 43 årsverk og produserar for ca 30 mill kr. Kulturlandskapet, som landbruket

held i hevd, vert stadig viktigare som trivselsfaktor og del av planstrategiar og utbyggingsplanar i kommunen.

### Mål

- Eit landbruk med tradisjon for nytenking og utvikling av eigenarta produkt.
- Sikre areal og infrastruktur for eit framtidretta og moderne landbruk
- Utvikle tilleggsnæring knytt til landbruk

### Utfordringar

- Stor folketalsvekst krev skjerming av naturlandskap og viktige landbruksareal mot nedbygging.
- Kortsiktige avtalar om leigejord gir ikkje tryggleik med omsyn til framtidig drift

### Strategi

- Kommunen inviterar næringslivet til å delta i forum og utviklingsarbeid på tvers av fagmiljø
- Ivareta kulturlandskapet og sikre landbruksareal gjennom kommuneplanen og reguleringsplaner.

### Tiltak

- Bidra til å utvikle Giske som matkommune ved aktivt å bruke støtteordningar for utvikling av tilleggsnæringar innan landbruk.
- I løpet av 2016 invitere til samarbeid med Bondelaget for å kartlegge interesse for utvikling av tilleggsnæringar i landbruket.
- I løpet av 2016 prioritere dei viktigaste landbruksareala i kommunen gjennom rullering av plan for kjerneområde landbruk.
- I 2017 få avklart framtidig bruk av landbruks- og oppdrettsareal i revidert kommuneplan.
- I løpet av vinteren 2016/17 saman med landbruksmyndigheitene og Bondelaget invitere til ei fylkesvis konferanse om kompetanseheving og bygging av tilleggsnæringar innan landbruket.

---

#### 3.2.4 KREATIVE NÆRINGAR, IDENTITET OG OMDØMME

Giske har lange historiske tradisjonar gjennom slekter som har ein sentral plass i norsk historie. Kommunen si rike historie, eit aktivt kulturliv, variert næringsliv og ikkje minst eit attraktivt kystlandskap er grunnlaget for kommunen sitt særpreg og sin identitet. Dei er viktige føresetnader for kommunen sitt omdøme og gjev grunnlag for levesett, busetting og rekruttering av arbeidskraft. Kreative næringar har hatt gode veksthøve i kommunen. Nye verksemdar og bransjar som får merksemd nasjonalt, er etablert. Dette bidreg til å framheve Giske kommune sitt særpreg og skapar merksemd omkring aktivitetar og tiltak.

Kommunen har gjennom fleire år bidratt økonomisk til marknadsføring av lokalt reiseliv og opplevelsesprodukter.

### Mål

- Styrke kommunen sin identitet og sitt omdømme knytt til dei naturgitte føresetnadene: kyst, kystkultur og fiskeri
- Bidrag til etablering av nye arbeidsplassar knytt til kreative næringer
- Styrke reiseliv som næring i kommunen gjennom attraktivt nok areal for overnatting og kommersialisert aktivitets-tilbud

### Utfordringar

- Mangel på arenaer / møtestader og nettverk for utøvarar innan kreative næringer
- Formidle faktabasert kunnskap og informasjon om kva kreative næringer representerer i og for Giske kommune.
- Mangler strategi for utvikling av reiselivsbaserte næringer, herunder besøks- og kultursenteret på Alnes.
- Bedrifter i kommunen henter ikkje ut økonomisk effekt av dei opplevelsesprodukta som finst i kommunen.

### Strategi

- Jobbe tettare saman med lokale aktørar for å bidra til kunnskapsdeling og bedriftsutvikling innan reiseliv
- Bidra til å etablere møteplassar for utøvarar innan kreative næringer
- Nytte digitale media til kunnskapsformidling og informasjonsspreiing om næringskommunen Giske, herunder utvikle strategiar for kontakt med media og mediaaktørar

### Tiltak

- Kommunen skal ta initiativet til årlege samlingar for næringslivet der innovasjon og nytenking er tema.
- I samarbeid med lokale kunstnarar innan sommaren 2017 etablere felles lokalitetar for samhandling/nettverk og utstillingar.
- Støtte opp om og tilrettelegge for videreutvikling av Kultur næringsklynga Øygaardshamna på Giske.
- Styrke Giske kommune sin identitet og sitt omdømme gjennom aktiv formidling av informasjon og kunnskap om kommunen som arbeidsstad, bustad, kultur- og reisemål.

VEDLEGG - KART OVER NÆRINGSAREAL I GISKE PR. DES. 2015

